

Hei Elin,

Takk for signert akseptbrev av KUP-tildelinga og oppdatert finansieringsplan. Vi viser til [saksframlegg](#) om tildeling av prosjektmidlar under Kulturelt utviklingsprogram 2014 og [katalog med fylkesrådmannens kommentarar](#) der det m.a. står under søknad frå Bergen kommune at «(...) / arbeidet med å utvikle ei mentorordning er det ei nedsatt arbeidsgruppe som skal velge mentorar og deltagarar i programmet. Fylkesrådmannen ser det som eit føremon at administrasjonen i Hordaland fylkeskommune er representert i arbeidsgruppa for å sikre det regionale perspektivet og kompetanseoverføring. Det vert difor tilrådd å støtte med dette prosjektet med 600 000 kroner, og det rås til at ein representant i arbeidsgruppa er frå Hordaland fylkeskommune».

Det er ikkje kommentert i brevet frå dykk at ein av representantane i arbeidsgruppa vil vere frå Hordaland fylkeskommune. Vi ber om tilbakemelding på dette før utbetaling av første del av tilskotet vert utbetalta.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsvdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)